

INNTAKSREGLEMENT VED JÆRTUN LUTHERSKE FRISKULE

Vedtatt i skulestyret 20.03.2023

§ 1

Jærtun Lutherske Friskule står open for alle som fyller vilkåra for opptak i tilsvarande offentleg skule. Skulen har heile landet som inntaksområde. Ein søker på skulen sitt søknadsskjema.

§ 2

Rektor er ansvarleg for opptak. Dette skal skje i tråd med dette inntaksreglementet og reglane i Privatskulelova § 3-1.

§ 3

a) Ved førespurnad frå foreldre som ønsker å få barnet sitt inn som elev ved skulen, får foreldra tilbod om ein informasjonssamtale med rektor. Han skal då gjere greie for skulen sin eigenart og foreldra skal bli gjort kjende med føremålet og grunnlaget til skulen. Foreldra skal også få skulen sin generelle læreplan, skulen sitt reglement etc. Det er ei forventning i samband med å ha barna ved Jærtun Lutherske Friskule at foreldra aksepterer skulen sin ståstad og utviser rimeleg grad av lojalitet mot denne dersom dei ikkje sjølv står inne for han, slik at ikkje barna kjem i ei lojalitetsklemme mellom heim og skule.

b) Søknader til 1. klasse har søknadsfrist 1. august fem (5) kalenderår før skulestart. Vedtak blir gjort kort tid etter søknadsfristen. Elles blir søknader behandla og elevar tatt opp etter som dei søker. Skulen har stengt for inntak av elevar etter 1. september kvart år i alle klassetrinn, unntatt A-klassen (1. og 2. Trinn). Dersom søkar midt i skuleåret flytter til Rogaland, kan eleven, dersom det er plass, likevel bli tatt opp etter 1. september.

c) Dersom søknadene innan søknadsfristen er fleire enn ledige elevplassar, skal ein prioritere søknadene etter kriteria i pkt. d) i denne paragrafen, med eventuell loddtrekning i aktuell gruppe. Opptaket skal gjerast slik at det totale elevtalet skulen er godkjent for ikkje skal overskridast, også når ein tar omsyn til innvilga søknader av elevar som ennå ikkje har starta på skulen. Dessutan skal ein halde seg innanfor det maksimale elevtalet pr klasse (sjå §4 og 5). Styret kan i særlege tilfelle gjere vedtak om inntaksstopp for ein viss periode. Styret kan gjere vedtak om oppstartstidspunkt.

d) Ved eventuell prioritering skal dette skje i denne rekkefølga: 1. Søsken av elevar som allereie er tatt opp ved skulen. 2. Barn av tilsette ved skulen. 3. Barn av medlemmer i skulen sine styre- og rådsorgan. 4. Søkarar som ønsker skulen ut frå kristendomsundervisninga som dåpsopplæring eller skulen sin kristne eigenart. Ein kan berre vise til slik prioritet når skriftleg søknad om elevopptak er sendt innan søknadsfristen.

e) Gjentatt søking. Grensa for gjentatt opptak ved Jærtun er sett til 2 gonger. Dersom ein elev har slutta 2 gonger og så blir søkt inn igjen, vil søknaden bli avslått.

f) Det er ikkje mogleg å halde av skuleplass ved Jærtun på eit høgare trinn enn 1. trinn. Søknader om inntak til høgare trinn enn 1. trinn blir behandla og tatt opp fortløpande for søknader mottatt etter 1. august året før søkt skulestart.

§ 4

Klassestørrelse ordinært

a) Styret meiner ut frå pedagogiske omsyn og godkjenningsgrunnlag at klassestørrelsen for to samanslåtte trinn skal vere 24. Det blir i tillegg sett av 2 ekstra plassar til søknader frå tilsette eller styremedlemmer dersom det er plass innanfor godkjenningsgrunnlaget.

b) Enkeltrinn skal som hovudregel vere 12 elevar. Dette talet kan overstigast, slik at summen av kvart tilst ytande trinn og det trinnet som blir “overbooka” ikkje overstig 23 elevar. Ein ledig plass blir d  behalden i det trinnet som er «underbooka», til denne evt. fyllest i dette trinnet.

c) Dersom fordelinga i to trinn er s  jamn som 12 og 11 og det kjem s knad p  plass nr. 13 i trinnet med 12 elevar, kan s knaden likevel innvilgast.

  5

Klassest rrelse A-klassen (1. og 2. trinn)

a) I 1. trinn er det mogleg   ta inn ekstra mange elevar, slik at det i 1. og 2. trinn til saman kan vere opp til 26 elevar. Dette gjeld ogs  i alle andre kull som blir s kte inn, men som enn  ikkje har begynt p  skulen.

b) Den siste plassen f r taket p  26 blir n dd skal haldast igjen til det trinnet som ikkje er “overbooka”/minst “overbooka”.

c) Regelen om 2 ekstra plassar fr  tilsette eller styremedlemmer kjem i tillegg til dei 26 elevane. D  vil maks klassest rrelse kunne bli 28 elevar i 1. og 2. trinn til saman.

  6

Undervisning i kristendomskunnskap er obligatorisk. Det er ikkje mogleg med fritak tilsvarende ordninga i den offentlege skulen. Skulen er oppretta p  religi st grunnlag, jfr. Privatskolelova   2-1.

  7

Ved opptak skal s kar/foreldre betale eit administrasjonsgebyr p  kr. 1000,-. Desse blir normalt ikkje betalte tilbake dersom s kar seinare trekker seg.

  8

Eventuell klage p  elevopptaket g r via skulen til Statsforvalteren i Rogaland. Den som har mottatt svar p  s knad om inntak, kan klage p  vedtaket etter forvaltningslova kap. VI om klage p  enkeltvedtak. Klagen skal sendast til skulen.

  9

Inntaksreglementet er vedtatt av styret for Jærtun Lutherske Friskule som ogs  kan vedta eventuelle endringar. S knadsskjema blir utforma av rektor, som ogs  til ei kvar tid avgjer kva for opplysningar skulen skal be om innanfor det regelverket som elles gjeld i slike saker.